

ÅRSHJUL FOR SAMARBEIDET MELLOM BARNEHAGE OG SKULE I AUKRA KOMMUNE.

Tidspunkt	Tiltak	Ansvar
Haust	Erfaringsutveksling: Kontaktlærer 1.årstrinnet og pedagogisk leiar frå barnehagen møtast for å utveksle erfaring kring overgangen frå barnehage til skule og skulestarten. Korleis jobbar vi? Bør noko gjerast annleis? Skulen informerar om kva faglege mål og metodar borna vil møte i 1.klasse, og korleis borna best kan førebuast på overgangen mellom barnehage og skule.	Einingsleiar barnehagen
Tidleg vår	Fagleg drøftingar kring kommande års 1. klassingar med spesielle behov. Frå skolen møter den med ansvar for spesialundervisning. Foreldra skal skrive under på samtykkeskjema om opplysningsoverføringa og dei har rett til å delta på møtet.	Einingsleiar barnehagen
Vår	Foreldremøte/innskrivingsmøte: Skulen kallar inn til møte for å informere om nyttige saker som vedgår skulestart, skulen og SFO. Utdeling av skriftleg informasjon om skulen, søknadsskjema for SFO og eventuelt elevopplysningsskjema. SFO er representert på møtet. Møte mellom kontaktlærer for kommande 1. klasse og pedagogisk leiar i barnehagen: Informasjonsutveksling kring enkeltbarn ut ifrå mappene deira og om barnehagen sine tema, arbeidsmåtar og læringsprosessar. Foreldra skal skrive under på samtykkeskjema om overføring av informasjonen, og har rett til å delta på møtet. Besøksdag på skulen og SFO for førskulebarna. Kontaktlærer, SFO-leiar og pedagogisk leiar har særskilt ansvar for at dagen skal trygge barna på overgangen frå barnehage til skule. Foreldre til barn med spesielle behov, får beskjed om kven som skal ha ansvar for spesialundervisninga så snart dette er klart.	Einingsleiar skulen Einingsleiar barnehagen Einingsleiar skulen

I tillegg til dette har kvar skule sine egne lokale planer med faste rutinar for samarbeidet der ein tek omsyn til lokale tradisjonar og behov.